

**Uskedal utvikling vil minna om medlemsskap for 2013. Medlemspengane er 250 kroner og er lik anten en er einskild medlem eller bedrift/organisasjon. Målet er minst 100 medlemmer i år.**

Det er viktig å få fram at Uskedal utvikling er ein frivillig medlemsorganisasjon som skal fremja saker medlemene tek opp på møte, til beste for Uskedalen og lokalsamfunnet.

Innbetaling til konto 3460.07.52350

Dersom du heller vil gje ei gåve, er det fint.

Ei oppmoding til lag og organisasjonar med plass på uskedalen.no er å senda oss oppdatert informasjon, særleg etter at laga har hatt sine årsmøte.

Dette gjeld viktig informasjon om styret, telefonnummer, utleige og aktivitet.

Gamal og uaktuell informasjon må slettast.

Nye lag bør koma til. Ta kontakt med Hans Ordin Østebø for ei løysing.

Dette gjeld sjølvstilt ikkje dei som er ansvarlege for eigne heimesider,- Elveeigarlaget, Uskedal idrettslag og Festidalen.

Difor: Hugs medlemsskap 2013 og oppdatering lagsinformasjon.

Styret